

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Møtestad Teknisk kontor	Møte dato 11.1.77
Sakshandsamar Johansen	Matr.nr. gnr. 84 bnr. 4 Kvalvåagnes	SAK NR. 23/77
Byggherre/meldar Bjarne Kvalvåagnes	Adr. 5156 Vågseidet	
Saka gjeld	Frådeling - Hyttetomter og nausttomter til Aslak Kvalvåagnes og Hans Kvalvåagnes	

Vedlegg:

Søknad om frådeling, datert 10.3.76
kart 1:5000
situasjonsplan 1:1000
godkjenning frå fylkeslandbruksstyret, datert 2.8.76
søknad om kloakkutslepp, datert 10.3.76

MERKNADER:

Hyttetomtene grensar til to eksisterande tomter som det er bygd hytter på. Nausttomtene vert også samla på ein stad og vil leggja beslag på minst mogleg av strandlina.

Hyttene skal ikkje ha innlagt vatn eller utslagsvask.

TILRÅDING:

I samsvar med vedtekt til § 82 i bygningslova, finn bygningsrådet under pkt. 1, siste setning, å gjera unntak for deling av eigedom i samsvar med søknaden, og med tilvising til § 6 i strandlova gjer bygningsrådet unntak frå § 2 nr. 1 og § 3 nr. 1 i lova.

Det vert sett følgjande vilkår for delinga:

1. Generalplannemnda skal gjeva si fråsegn til saka. Rådet gjer merksam på at saka må vurderast på ny dersom generalplannemnda frårår søknaden.
2. Utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommuneveg skal vera godkjend av teknisk utval etter fullmakt. (§ 66.1)
Søknad med kart og vedtak i bygningsrådet vert å senda til Teknisk utval v/teknisk kontor.
3. Utslagsplass for vatn og avfall skal plasserast og vedlikehaldast slik at den vert minst mogleg skjemma, og slik at bekker og vatn ikkje vert forureina.
4. Dersom det seinare vert innlagt vatn, skal dette godkjennast av bygningsrådet etter søknad. Det same gjeld for innstallering av vassklosett.
5. Skylddeling kan ikkje finna stad før vilkåra om godkjenning frå andre instansar er ordna.

VEDTAK:

Bygningsrådet godkjenner samrøystes tilrådinga som nemnt ovanfor.

FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD

Utskrift sendt til Bjarne Kvalvåagnes
Aslak Kvalvåagnes
Hans Kvalvåagnes
Jordstyret Fylkesfriluftsnemnda
Fylkesutvalet Lindås fril.nemnd

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Møtestad Rådhuset	Møte dato 25.10.77
Sakshandsamar Haukås	Matr.nr. gnr. 84 bnr. 4 Kvalvågnes	SAK NR. 532/77
Byggherre/meldar Bjarne Kvalvågnes	Adr. 5156 Vågseidet	
Saka gjeld	Ny handsaming etter fråsegn frå generalplannemnda - Frådeling, hyttetomter og nausttomter til	
Vedlegg:	Aslak Kvalvågnes og Hans Kvalvågnes	
<p>Sak nr. 23/77 frå møte i bygn.rådet den 11.1.77 Fråsegn frå generalplannemnda i møte den 18.2.77, sak 27/77 Godkj. frå fylkesfril.nemnda i møte den 18.2.77</p> <p>MERKNAD:</p> <p>I møte den 11.1.77, sak 23/77, godkjende bygningsrådet frådeling av 2 hytte- og 2 nausttomter slik det var søkt om, men med vilkår av at generalplannemnda tilrådde søknaden.</p> <p>Generalplannemnda har i møte den 18.2.77, sak 27/77, frårådd søknaden og peikar på at ei evt. vidare utbygging i dette området berre må skje etter godkjend plan.</p> <p>Frådelinga er godkjend av fylkeslandbruksstyret den 2.8.77 og av fylkesfriluftsnemnda i møte den 18.2.77.</p> <p>SAMRØYSTES VEDTAK:</p> <p>Bygningsrådet held fast på tidlegare vedtak i sak 23/77 frå møte den 11.1.77.</p>		

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Møtestad Rådhuset	Møte dato 22.11.77
Sakshandsamar Haukås	Matr.nr. gnr. 84 Kvalvågnes	SAK NR. 587/77
Byggherre/meldar Hans Kvalvågnes	Adr. M.Lagabøtersgt.49, Stavanger	
Saka gjeld Hytte og naust - Nybygg		
Vedlegg: Søknad om byggjetillatelse, datert 25.4.77 kvittering for motteke nabovarsel situasjonsplan 1:5000 situasjonsskisse teikningar 1:50 (av hytta) teikneskisse av naust søknad om ansvarsrett, datert 2.5.77 Vedtak i bygningsrådet i sak 23/77 og 532/77 MERKNAD: Tomtene som hytta og naustet er tenkt oppførte på, vart godkjent frådelt i bygningsrådet den 11.1.77, sak 23/77 og 25.10.77, sak 532/77. TILRÅDING: Byggjetillatelse vert gjeve i samsvar med teikningar og utgreiningar vedlagt søknaden og på følgjande vilkår: 1. Det skal vera tilfredsstillande tilkomst til hygienisk betryggjande og tilstrekkeleg drikkevatt. Anlegg av brunn skal meldast til lensmannen. (§ 65 og brunnlova) 2. Då det ikkje går fram av byggjemeldinga den nøyaktige plasseringa av bygningen, skal bygningssjefen avgjera denne og høgd på topp grunnmur. (F 14:21) 3. Farge og takteking må vera slik at det harmonerer godt med omgjevnaden. Bygningsrådet kan forlanga at bygningane vert måla på ny dersom dei vert fargesette på ein skjemmande måte. (§ 74) 4. Bygningsrådet gjer merksam på at vilkåra i sak 23/77 vedk. pkt. 2, avkjørsle til kommuneveg, skal følgjast opp og at søkjaren må sjå til at dette vert ordna. 5. I samsvar med § 93 jfr. § 95 i bygningslova vert det ikkje tillete igangsett arbeid før det er gjeve byggjetillatelse eller graveløyve. Byggjetillatelse vert sendt når vilkåra i vedtaket er stetta. Bygningsrådet godkjenner Johnny Vedeler som ansvarshavande for heile byggjearbeidet. (§ 98) /..		
FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD	Utskrift sendt til Hans Kvalvågnes Johnny Vedeler	

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Møtestad Rådhuset	Møte dato 22.11.77
Sakshandsamar Haukås	Matr.nr. gnr. 84 Kvalvånes	SAK NR. 587/77

Byggherre/meldar Hans Kvalvånes	Adr. M.Lagabøtersgt. 49, Stavanger
------------------------------------	---------------------------------------

Saka gjeld

Hytte og naust - Nybygg

Vedlegg:

Forts.

VEDTAK:

Bygningsrådet godkjenner samrøystes tilrådinga som nemnt ovanfor.

FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD

Utskrift sendt til

Hans Kvalvånes
Johnny Vedeler

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Møtestad Rådhuset	Møte dato 22.11.77
Sakshandsamar Haukås	Matr.nr. gnr. 84 Kvalvågnes	SAK NR. 588/77
Byggherre/meldar Aslak Kvalvågnes	Adr. Bergsveien 6, 5063 Kråkenes	
Saka gjeld Hytte - Nybygg		
Vedlegg:		
<p>Søknad om byggjetillatelse, datert 10.8.77 kvittering for sendt nabovarsel situasjonskart 1:5000 situasjonsskisse 1:1000 teikningar 1:100, datert 17.8.77 søknad om ansvarsrett, datert 8.8.77 Vedtak i bygningsrådet i sak 23/77 og 532/77</p>		
MERKNAD:		
<p>Tomta som hytta er tenkt oppført på, vart godkjent frådelt i bygningsrådet den 11.1.77, sak 23/77, og 25.10.77, sak 532/77.</p>		
TILRÅDING:		
<p>Byggjetillatelse vert gjeve i samsvar med teikningar og utgreiningar vedlagt søknaden og på følgjande vilkår:</p>		
<ol style="list-style-type: none"> 1. Det skal vera tilfredsstillande tilkømt til hygienisk betryggjande og tilstrekkeleg drikkevatt. Anlegg av brunn skal meldast til lensmannen. (§ 65 og brunnlova) 2. Då det ikkje går fram av byggjemeldinga den nøyaktige plasseringa av bygningen, skal bygningssjefen avgjera denne og høgd på topp grunnmur. (F 14:21) 3. Farge og takteking må vera slik at det harmonerar godt med omgjevnaden. Bygningsrådet kan forlanga at hytta vert måla på ny dersom ho vert fargesett på ein skjemmande måte. (§ 74) 4. Bygningsrådet gjer merksam på at vilkåra i sak 23/77 vedk. pkt. 2 avkjørsle skal følgjast opp og at søkjaren må sjå til at dette vert ordna. 		
<p>Bygningsrådet godkjenner tømrrar Sigmund Moen som ansvarshavande for tømmerarbeidet. (§ 98)</p>		
VEDTAK:		
<p>Bygningsrådet godkjenner samrøystes tilrådinga som nemnt ovanfor.</p>		
FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD	Utskrift sendt til	
	Aslak Kvalvågnes Trybo - Trysilhus A/S Tømrrar Sigmund Moen	